OECDs *Digital Education Outlook 2023* peikar på at utdanningsinstitusjonane som har komme lengst i bruken av kunstig intelligens, også har utarbeidd retningslinjer for KI.²⁷ Samtidig er dei opptekne av utprøving og kontinuerleg læring knytt til KI. Rapporten framhevar at det er viktig at utdanningsinstitusjonar har ei tverrfagleg tilnærming til kunstig intelligens.

Tilrådingane i rapporten:

- Utvikle klare retningslinjer for bruk av generativ KI i utdanning.
- Fremje opplæringsprogram og kompetansehevingstiltak for undervisarar og lærarar, for å auke den digital kompetansen.
- Oppmuntre til forskning og samarbeid for å forstå fordelane og utfordringane med generativ KI.
- Legge til rette for deling av beste praksis og fremje internasjonalt samarbeid.

²⁶ [Trends 2024.pdf](#). Sist besøkt 14.2.2025.

²⁷ [OECD Digital Education Outlook 2023 | OECD](#). Sist besøkt 14.2.2025.

KI i staten: Avgrensa bruk og viktige utfordringar

Regjeringa har som mål i digitaliseringsstrategien at 80 prosent av verksemdene i offentleg sektor skal ta i bruk kunstig intelligens innan 2025, og 100 prosent innan 2030. Per april 2024 brukte ein av fire offentlege verksemdar KI.²⁸ Sidan dei offentlege universiteta og høgskulane er ein del av statleg sektor, er det interessant å sjå nærare på bruken av KI i statleg sektor generelt.

Funn i undersøkingar som ser nærare på bruk av KI i statleg sektor, tyder ikkje på at UH-sektoren heng etter andre statlege sektorar. Riksrevisjonen har mellom anna undersøkt bruk av kunstig intelligens i omkring 200 statlege verksemdar. Hovudkonklusjonen er at kunstig intelligens er lite brukt i desse verksemdene. Med unntak av helse- og omsorgssektoren, er bruk av KI mest vanleg kunnskapssektoren.²⁹ Vidare peikar Riksrevisjonen på at KI-bruken i staten blir avgrensa av fleire av dei same faktorane som har vore drøfta tidlegare i dette kapittelet. Dette gjeld mellom anna kompetanse, regelverk og teknisk infrastruktur.

Undersøkinga *IT i praksis 2024*, gjennomført av Rambøll i samarbeid med mellom anna Digitaliseringsdirektoratet, konkluderer også med avgrensa bruk av KI i statleg sektor.³⁰ Her oppgir 36 prosent av dei undersøkte verksemdene at dei bruker KI.³¹ 21 prosent av statlege verksemdar har utarbeidd interne retningslinjer for KI, medan 35 prosent har planar om å gjere det same. Også *Statsansatteundersøkelsen 2024*, gjennomført av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, viser avgrensa bruk av KI. Her svarer 71 prosent av dei statstilsette at dei ikkje i det heile eller i lita grad nyttar generativ KI i jobben. Berre 16 prosent svarer at dei har motteke opplæring i bruk av generativ KI.³²

I andre undersøkingar kjem det fram at to av tre statlege verksemdar meiner at dei tilsette manglar kompetanse om moglegheitene KI gir, og korleis teknologien kan utnyttast i praksis.³³ Avgrensa bruk av KI må sjåast i samanheng med dette. Likevel oppgir berre ein tredel av verksemdene at dei har sett i gang konkrete tiltak for å styrkje kompetansen til dei tilsette.

Når det gjeld bruk av generative KI-verktøy, viser undersøkinga at verksemdene er mest urolege for personvern, datatryggleik og mogleg feilinformasjon i svara som KI produserer. Blant verksemdar med over 1000 tilsette, der vi også finn mange UH-institusjonar, har 84 prosent hatt KI som tema i dialog med tillitsvalde. Dette representerer ein auke på 61 prosent samanlikna med tilsvarande tal frå 2023.

Oppsummering

Undersøkingar om kunstig intelligens i statleg sektor tyder på at bruken så langt er relativt avgrensa, og at dette i særleg grad kan komme av manglande kompetanse hos leiarar og tilsette. Det kan likevel sjå ut til at bruk av KI er litt meir vanleg i UH-sektoren enn i mange andre sektorar.

²⁸ [Dokument 3:18 \(2023–2024\) \(riksrevisjonen.no\)](#). Sist besøkt 14.2.2025. Merk at definisjonen av KI i denne undersøkinga også inkluderer ekspertsystem og regelbaserte system. Det kan gi høgare tal for bruk enn om ein legg OECD sin definisjon til grunn (sjå tekstboks 1). Over halvparten av systema i undersøkinga brukte enkle tolkningsmodellar.

²⁹ Digitaliseringsdirektoratet og NORA.ai har laget en oversikt over KI-prosjekter i offentleg sektor. Oversikten er ikkje fullstendig, men blir oppdatert. Sjå <https://data.norge.no/kunstig-intelligens>. Sist besøkt 14.2.2025.

³⁰ [IT i praksis 2024 \(digdir.no\)](#). Sist besøkt 14.2.2025.

³¹ Dette talet inkluderer truleg ikkje bruk av ChatGPT eller enkel bruk av M365 Copilot.

³² [Yngre statsansatte - Webinar 24. mai 2022.pdf](#). Sist besøkt 14.2.2025.

³³ [Statens arbeidsgiverbarometer 2024-1 - Offentlig](#). Sist besøkt 14.2.2025.

Det er til dømes relativt vanleg at studentar bruker KI i studiane, men det er til dels store forskjellar i bruken mellom ulike fagområde.

Vår eigen gjennomgang av årsrapportane til statlege universitet og høgskular for 2023, viser at dei viktigaste KI-satsingane hos institusjonane omfattar ulike typar kompetansehevande tiltak retta mot studentar og tilsette. Samtidig har enkelte institusjonar styrkt utdanningstilbodet eller eiga forskning på og med KI, hovudsakleg innan teknologifag, helsefag og medisin.

HK-dir sine kartleggingar frå 2023 og 2024, indikerer at sektoren har behov for retningslinjer og rettleiing i bruk av kunstig intelligens, spesielt innan undervisning og læring. Vi går ut frå at dette behovet ikkje blir mindre etter kvart som nye KI-tenester blir tilgjengelege i UH-sektoren, og når EUs forordning om kunstig intelligens trer i kraft i Noreg.³⁴

Sjølv om mange institusjonar gjennomfører tiltak for å styrkje den digitale kompetansen, inkludert kompetansen om kunstig intelligens, viser også desse kartleggingane at det er behov for ytterlegare kompetanseheving. Behovet ser ut til å vere spesielt stort når det gjeld praktisk og fagnær bruk av KI.

Tekstboks 3: NTNUs vurderingar av Copilot for Microsoft Office365

NTNU har i samarbeid med Datatilsynet, Microsoft, Crayon, Sikt og Nemonoor undersøkt korleis Copilot for Microsoft 365 kan takast i bruk i offentleg sektor.³⁵ Prosjektet vart gjennomført som ein del av Datatilsynet sin regulatoriske sandkasse for kunstig intelligens.

NTNU har valt å ikkje innføre M365 Copilot for heile verksemda, men heller å ta i bruk verktøyet gradvis og kontrollert. Verktøykassa frå prosjektet, inkludert juridiske vurderingar, opplæringsmateriell og praktiske tips, er tilgjengeleg på nettstaden for prosjektet.³⁶

Datatilsynet har publisert ein eigen rapport, der erfaringar og tilrådingar frå NTNU-prosjektet blir drøfta og samanfatta.³⁷ Datatilsynet tilrår at statlege verksemder har ei stegvis tilnærming til innføring og bruk av M365 Copilot. Tilsynet legg spesielt vekt på kor viktig det er å ha oversikt og kontroll over eigne data før denne typen KI-verktøy blir tekne i bruk.

Datatilsynet peikar på at «(...) NTNU har gjort ein imponerende, samfunnsnyttig og omfattande jobb med å skaffe seg kunnskap og forståing for bruken av språkmodellar generelt og integrerte KI-løysingar som M365 Copilot spesielt» (s. 5). Rapportane både frå NTNU og Datatilsynet gir viktige innspel og tips til korleis andre institusjonar kan etablere gode rammer for bruk av kunstig intelligens.

³⁴ Sjå omtale av forordninga i kapittel 2 og i vedlegget.

³⁵ [Funn og anbefalinger - NTNU](#). Sist besøkt 14.2.2025.

³⁶ [Prosjekt Copilot - Verktøykasse - NTNU](#). Sist besøkt 14.2.2025.

³⁷ [NTNU, sluttrapport: Copilot med personvernbriller på | Datatilsynet](#). Sist besøkt 14.2.2025.

4. Seks døme på bruk av KI i UH-sektoren

Kva skjer i UH-sektoren når det gjeld konkret bruk av kunstig intelligens? I kva grad kan løysingar, verktøy og erfaringar gjort av nokre institusjonar, ha nytteverdi for andre? For å klargjere desse spørsmåla, tok vi kontakt med UH-miljø som gjennomfører satsingar der bruken av KI står sentralt, for å høyre meir om erfaringane og tankane deira.

Samtalane med desse UH-miljøa viser systematisk satsing på bruk av kunstig intelligens innan kompetanseutvikling for studentar og tilsette, undervisningsmiljø som ser på fagnær bruk av KI, støttemiljø for KI, og dessutan ei IT-avdeling som har sett på korleis bruke KI på nettsidene til institusjonen.

I presentasjonane av dei seks døma har vi vore opptekne av å få fram det unike ved kvar enkelt satsing. Både moglegheiter, utfordringar og sentrale drivarar er kartlagde, for å få opp eit bilete på kvar sektoren står når det gjeld utforskning og bruk av kunstig intelligens.

I fortsetjinga presenterer vi dei seks satsingane. Kvar presentasjon blir avrunda med nokre tips og råd, som kan vere relevant å sjå nærare på for andre institusjonar og fagmiljø som er i gang med å utforske bruk av kunstig intelligens i eiga verksemd.

Til slutt i kapittelet framhevar vi enkelte sentrale fellestrekk på tvers av døma. Dette er moment vi meiner kan vere viktig for andre KI-satsingar i sektoren å kjenne til, ta lærdom av og hente inspirasjon frå.

Figur 5 viser ei oversikt over dei seks satsingane.

Universitetet i Bergen (UiB)	Universitetet i Agder (UiA)	Nord universitet	Universitetet i Bergen (UiB)	Høgskolen i Østfold (HiØ)	OsloMet
DIGI- emnepakka Digital forståing, kunnskap og kompetanse	KI- koordinatorar Støtte til undervisarar, tilsette og studentar	KI-assistenten Nora Trening av eigen KI-modell for søk på lokale nettsider	TekLab KI og innovasjonspedagogikk i medie-utdanninga	KI i lærar- utdanninga Opplæring av lærar-studentar i bruk av KI	SVAI Satsing på kunstig intelligens ved Senter for velferds- og arbeidslivs-forskning (SVA)

Figur 5: Institusjonane og satsingane vi har gjennomført samtalar med.

1. DIGI-emnepakka ved Universitetet i Bergen (UiB)

Emnepakka DIGI ved UiB består av ni 2,5 studiepoenggivande emne og to innføringsemne (utan studiepoeng) i digital forståing, kunnskap og kompetanse. Pakka inneheld emne om mellom anna KI, språkteknologi, data, programmering, personvern og digital tryggleik. Emna er opne for alle studentar og tilsette ved UiB, og blir våren 2025 tilbodne til studentar på eksterne institusjonar. Emna blir også tilbodne som etter- og vidareutdanning (sidan 2023). Undervisninga går føre seg på ettermiddag og kveld, og studentane kan ta emna i kombinasjon med dei fleste studieprogramma. Emna blir tilbodne av fagekspertar frå ulike fakultet ved UiB.

Bakgrunn og behov

Utviklinga av DIGI-emnepakka byggjer på ei erkjenning av at digitaliseringa endrar faga, både med tanke på kva metodar og verktøy som blir brukte, og kva tema og problemstillingar som er mogleg å utforske. Digital teknologi, og kunstig intelligens især, påverkar yrke og yrkesutøvinga i alle bransjar.

Emnepakka DIGI er eit tilbod som når ut til mange, både studentar, tilsette, eksterne studentar og små og mellomstore bedrifter i Vestlandsregionen og arbeidslivet generelt. Gjennom tilbodet har UiB klart å skape ei heilskapleg og samanhengande emnepakke, som samtidig ivaretek ei fagleg breidde. Tilbodet er basert på eit samarbeid mellom fagmiljø frå fem av dei sju fakulteta ved UiB.

Formålet med DIGI-emna er å tilby studentane eit relevant og supplerande utdanningstilbod innan generelle digitale teknologiar og kunstig intelligens, som er tilpassa det framtidige behovet i arbeidslivet. Samtidig har UiB eit pågåande arbeid med å innlemme fagspesifikk og målretta digital kompetanse i 11 studieprogram.

Erfaringar frå arbeidet

UiB har hausta verdifulle erfaringar i arbeidet med å utforske og ta i bruk kunstig intelligens innanfor rammene av emnepakka DIGI:

- ✓ **Leiarforankring og finansiering** – rektoratet ved UiB sette digital kompetanse på dagsordenen, samtidig som ei moderat mengde med insentivmidlar vart viktig for å hjelpe fagmiljøa å mobilisere og komme i gang med arbeidet.
- ✓ **Fagmiljøa i førarsetet** – det blei definert nokre rammer for å sikre ei heilskapleg emnepakke, men innanfor desse rammene står den faglege autonomien sterkt.
- ✓ **Både fagleg og strategisk styring** – fagmiljøa har ansvaret for å utvikle tilboda, medan ei breitt samansett styringsgruppe sørgjer for forankring på tvers av organisasjonen.
- ✓ **Viktig å ha eit «nøytralt» miljø som drivkraft** – UiB læringslab, som er ein felles ressurs for heile UiB, er gode på læringsdesign, samarbeid og prosjektleiing, og har hatt kapasitet til å jobbe med satsinga.
- ✓ **Etablert fagtradisjon innan KI og digitalisering** – UiB har sterke fagmiljø innan KI og digitalisering på fleire fakultet, og dessutan spisskompetanse innan forskning og utdanning. Dette gav eit godt utgangspunkt for å utvikle eit heilskapleg tilbod innan digitale teknologiar.
- ✓ **Gode tradisjonar for samarbeid** – UiB har gode erfaringar frå tidlegare med å samarbeide på tvers av fagmiljø og fakultet, og det spelte positivt inn også her.

Tips og råd

Ikkje bli blenda av hypen

Det er ein veg å gå for å oppnå gevinstar med KI. Det er nødvendig å jobbe systematisk og planmessig frå grunnen av. KI vil først gi effekt når han har tilgang til dataa til organisasjonen, og når han blir integrert som eit verktøy i ulike arbeidsprosessar.

Legg til rette for utprøving

La folk få høve til å bruke og teste ut KI, gjerne i samband med opplæring og kompetanseheving. For å kunne ha ei kvalifisert meining om kva teknologien kan og ikkje kan brukast til, er det avgjerande at folk prøver han ut sjølv.

Start i det små

Start i det små, med dei personane som er mest nysgjerrige og interesserte. La dei få prøve ut og teste dei opne tenestene til å forbetre og effektivisere måten dei jobbar på, eller til å gjere noko innovativt og nyskapande. Det er viktig å skape felles arenear for erfaringsutveksling.

Her kan du lese meir om DIGI-ernepakka ved UiB:

[Digital forståelse, kunnskap og kompetanse | Universitetet i Bergen](#)

2. KI-koordinatorar ved Universitetet i Agder (UiA)

Ordninga med KI-koordinatorar ved Universitetet i Agder vart oppretta hausten 2023. Ein KI-koordinator er lokalisert ved kvar av dei to campusane i Kristiansand og Grimstad, og dei samarbeider tett med fakulteta og fagmiljøa. KI-koordinatorane har primært jobba med opplæring av vitskapleg tilsette i pedagogisk bruk av kunstig intelligens, men opplæring av studentane er også ei prioritert oppgåve.

Bakgrunn og behov

UiA observerte at kunstig intelligens påverkar undervisning, læring og vurdering. Parallelt såg universitetet eit behov for å styrkje kompetansen og forståinga om korleis KI kan brukast. På bakgrunn av dette innførte UiA ei ordning med to KI-koordinatorar. I tillegg til intern opplæring og kompetanseheving, er målet med satsinga å styrkje arbeidslivsrelevansen i utdanningane. For å oppnå dette jobbar UiA for at kunstig intelligens – i løpet av eitt til to år – skal vere ein del av alle studieprogram.

Behova som KI-koordinatorane skal løyse:

- Bidra med kunnskap og rådgiving til tilsette om korleis kunstig intelligens kan brukast på ein kvalitetsfremjande måte innanfor ulike fag, og i det studieadministrative arbeidet.
- Lære studentane å bruke kunstig intelligens på ein fagrelevant og innovativ måte, som gjer dei budde til arbeidslivet i framtida.
- Bidra i utviklinga av retningslinjer og tydelege ambisjonar for bruk av kunstig intelligens i utdanning, forskning og administrasjon.

KI-koordinatorane jobbar innanfor utdannings- og undervisningsområdet. Dei ser likevel at mykje av det dei gjer, også kan ha overføringsverdi til forskning og administrasjon.

KI-koordinatorane gjennomførte tidleg ei kartlegging i organisasjonen, for å avdekkje behov og utfordringar knytt til kunstig intelligens. Kartlegginga resulterte i utviklinga av eit kurstilbod til dei tilsette, blant dei eit introduksjonskurs som rettar seg mot undervisningssituasjonen.

UiA gjennomfører i tillegg 11 KI-prosjekt på utdanningsområdet. Fleire av desse handlar om bruk av KI i vurderingssamanheng. For å styrkje samarbeid og erfaringsdeling i sektoren, har UiA etablert «Nettverk for UH-didaktikere og KI», i samarbeid med Høgskolen Kristiania.

Erfaringar frå arbeidet

UiA har hausta verdifulle erfaringar i arbeidet med å få på plass dei to KI-koordinatorane:

- ✓ **Utforskande tilnærming til kunstig intelligens** – etter introduksjonen av ChatGPT, valde UiA ei open og utforskande tilnærming til KI. Korleis kan vi bruke kunstig intelligens på ein positiv måte, innan undervisning, utdanning og administrasjon?
- ✓ **Fagmiljøa i førarsetet** – det er ved fakulteta og i fagmiljøa at initiativa kjem til, og diskusjonane om kunstig intelligens må liggje. Koordinatorane skal ikkje endre på dette.

- ✓ **KI-koordinatorar med ulik bakgrunn** – dei to koordinatorane har ulik fagbakgrunn (pedagogisk og teknologisk), noko som har vore viktig for å dekke både didaktiske og tekniske tema knytte til bruk av kunstig intelligens.
- ✓ **Viktig med ein innleiande kartleggingsjobb** – koordinatorane gjennomførte ei kartlegging internt i organisasjonen for å få eit bilete av kvar han stod. Kva er behova, kva er utfordringane, og kva er haldningane til bruk av KI i organisasjonen?
- ✓ **God leiarforankring** – satsinga var forankra både hos viserektor for utdanning og universitetsdirektøren, og fekk økonomisk støtte og godkjenning frå universitetsstyret.

Tips og råd

Viktig at det fungerer som lågterskeltilbod

Det er avgjerande at dei tilsette opplever å få nødvendig støtte og opplæring i bruk av KI, at terskelen for å ta kontakt er låg, og at hjelp er tilgjengeleg.

Erfaringsdeling i sektoren blir viktig

Andre institusjonar har bruk for mykje av det same som UiA, til dømes når det gjeld kompetanseheving og retningslinjer for bruk av kunstig intelligens. Deling av erfaringar og ressursar i sektoren blir viktig.

Ver budd på å byggje tillit

Tenk langsiktig og jobb systematisk med kunstig intelligens. Mange tilsette treng tid til å teste ut ny teknologi og vurdere nytten i eigen kvardag. Med gode erfaringar og meir kompetanse aukar tilliten.

Her kan du lese meir om KI-koordinatorane ved UiA:

[KI-koordinatorane - For ansatte](#)

3. Nora – KI-assistent hos Nord universitet

Nord universitet utviklar, trener og testar samtaleroboten Nora, som skal gjere det enklare å finne relevant, oppdatert og kvalitetssikra informasjon på nettsidene til universitetet. Nora er trent på informasjon publisert på www.nord.no, og utvikla på toppen av grunnmodellen til OpenAI. Spørsmål til Nora blir svart på med ei oppsummering av informasjon som ligg på nettsidene, med peikarar til dei mest relevante sidene. Nora er i ein pilotfase, og er så langt ikkje allment tilgjengeleg.

Bakgrunn og behov

Utgangspunktet for arbeidet med Nora er at mangelfull eller for svak søkjefunksjonalitet gjer det vanskeleg for studentar, tilsette og eksterne å finne relevant informasjon om studietilbod, søknadsfristar, forskingsaktivitet, arrangement og anna på Nord sine nettsider. IT-avdelinga ønskte derfor å utvikle ein KI-assistent som gjorde søk på nettsidene betre.

Utviklinga av Nora skulle dekke fleire behov:

- Gje brukarane av nettsidene raskare tilgang til informasjonen dei treng.
- Utnytte dei moglegheitene som språkmodellar representerer.
- Styrkje kompetansebygginga internt, for å fremje utvikling og bruk av KI-løysingar.
- Kunne gjenbruke teknisk løysing i Nora til utvikling av nye tenester.

Ved overgang til ny nettløysing, vart informasjon på Nord sine nettsider oppdatert og kvalitetssikra. Universitetet meinte derfor at informasjonen var god nok for å trene opp ein samtalerobot. Trass godt forarbeid, avdekte arbeidet med Nora fleire utfordringar med treningsdataa:

- Informasjonen som nettopp var oppdatert og kvalitetssikra, viste seg å innehalde feil. Manglande retting kan føre til at svara frå Nora blir for unøyaktige eller feilaktige.
- Feila kan mellom anna komme av at Nora samanfattar informasjon frå ulike «årgangar» av eksempelvis studie- og emneplanar.
- Nyheiter på nettsidene er ikkje eigna som treningsdata for Nora, fordi dei rotar til kvaliteten på datagrunnlaget.

Nora er avhengig av god datakvalitet for å kunne gi gode svar på spørsmål frå brukarane. Samtidig er Nora i stand til å avdekkje feil og manglar i informasjon som er publisert på nettsidene.

Erfaringar frå arbeidet

I arbeidet med Nora gjorde dei involverte ved Nord universitet seg nokre viktige erfaringar:

- ✓ **Ikkje berre eit IT-prosjekt, men organisasjonsutvikling** – og det gjer det viktig å involvere medarbeidarar i andre avdelingar enn IT-avdelinga, som til dømes studieadministrasjonen og kommunikasjonsavdelinga.
- ✓ **Felles forståing og dialog** – medarbeidarar som har laga tekstar til nettsidene, kan reagere negativt på at Nora formulerer sine eigne svar på spørsmål frå brukarane. Dei kan også oppleve det som ubehageleg at Nora finn feil i informasjon dei har ansvar for. Dialog og informasjon er derfor viktig for å avklare forventningar og etablere felles forståing.

- ✓ **Anonymiser brukardata** – unngå så langt som råd bruk av personopplysningar, både til treningsformål og når løysinga er lansert.
- ✓ **Datakvalitet og testing** – sørg for tilfredsstillande kvalitet på treningsdata, og fjern irrelevante og utdaterte data. Samtalerobotar bør svare så nøyaktig som mogeleg før dei blir testa ut i større skala.
- ✓ **Forståing i organisasjonen** – det er viktig å styrkje medvitnet hos leiarar og tilsette om korleis samtalerobotar fungerer, spesielt at svar blir formulert på ulike måtar når det same spørsmålet blir stilt fleire gonger.
- ✓ **Risikovurdering og forankring i leiinga** – følg rutineane til institusjonen for risikovurdering av IT-tenester. Lag solide grunnlag for avgjersler som gjer leiinga i stand til å vurdere risiko og risikoreduserande tiltak.

Tips og råd

Sørg for god kvalitet på treningsdata

Bruk kvalitetssikra data til trening av KI, og fjern utdaterte data frå grunnlaget. Jobb kontinuerleg med datakvalitet og informasjonsforvaltning. Det er viktig å vere klar over at kvaliteten på data kan vera mindre god enn ein hadde rekna med.

Involver medarbeidarar og avklar forventningar

Utvikling av KI-tenester er organisasjonsutvikling. Involver derfor både KI-entusiastar og skeptikarar tidleg i arbeidet. Informer hyppig om gevinstar, og avklar forventningar til arbeidsinnsats og tenestekvalitet (i dette tilfellet presisjon i svar).

Handter juridisk risiko og involver leiinga

Gjennomfør ei grundig risikovurdering av KI-tenesta. Det vil gi leiinga eit grunnlag for å forstå risiko ved utvikling av tenesta, og bidra til at risikoreduserande tiltak vert sette i verk. Risiko kan reduserast ved å unngå bruk av data som er underlagt rettsleg regulering, til dømes personopplysningar.

Her kan du lese meir om Nora ved Nord universitet:

[Banebrytende på Nord universitet: Møt Nora, den første KI-ansatte i utdanningssektoren? | IKT blogg](#)

4. TekLab ved UiB – KI og innovasjonspedagogikk i medieutdanning

TekLab er eit nettverk for forskning, utdanning og innovasjon innan medie- og kommunikasjonsfag, og er lokalisert ved Institutt for informasjons- og medievitskap ved Universitetet i Bergen. TekLab nyttar innovasjonspedagogikk i utdanninga, det vil seie pedagogiske prinsipp og metodar som skal førebu studentane på eit arbeidsliv og samfunn prega av teknologisk endring, kunstig intelligens og rask omstilling. Nettverket har fått økonomisk støtte frå HK-dir. Finansieringa vart avslutta i januar 2025, og TekLab opphøyrd dermed som nasjonalt nettverk. Det blir likevel vidareført internt på UiB.

Bakgrunn og behov

Utgangspunktet for aktiviteten i TekLab-nettverket er at det kjem stadig nye teknologiar som utfordrar etablerte praksisar, både i akademien og i arbeidslivet. Kunstig intelligens er ein slik teknologi. TekLab-nettverket nyttar KI mellom anna i utviklinga av nye læringsdesign. Dette skal gi studentane den kompetansen dei treng for å møte arbeidslivet i framtida.

Slik TekLab-nettverket ser det, er det krevjande for disiplinutdanningane å inkludere KI og ny teknologi i undervisninga. Studentane blir dermed ikkje godt nok budde på den røyndommen dei vil møte utanfor akademien.

Svaret frå TekLab-nettverket på dette, er innovasjonspedagogikk. Målet er at studentane skal lære seg å handtere uvissa og risikoen teknologisk endring, kunstig intelligens og omstilling fører med seg.

Innovasjonspedagogikk på KI-området inneber at studentgrupper lagar prototyper på KI-tenester, ofte i samarbeid med bedrifter. Døme på prototyper som studentgruppene har laga, er:

- «Nordfjord Time Traveller»: Teneste retta mot cruiseturistar, og utvikla i samarbeid med den lokale turistnæringa. Ved å skanne ein QR-kode fekk turistane sjå bilete av staden dei besøkte frå ulike periodar i historia. KI vart brukt til å generere syntetiske bilete frå periodar der det ikkje fanst ekte bilete av korleis staden såg ut.
- «Ekko»: Ei tipsteneste utvikla i samarbeid med lokalavisa Hallingdølen. Tenesta skulle gjere unge menneske meir engasjerte i det lokale samfunnslivet. KI var tenkt brukt til generering av bilettekstar, men det viste seg å ikkje vere særleg vellukka. Tenesta har likevel fått stor utbreiing som ei tipsteneste integrert i nettstaden til lokalaviser.
- «Enkl»: Ei teneste utvikla i samarbeid med NTB. Tenesta brukte språkmodellar for å forenkle språket i nyheitssaker. Dette skulle gjere nyheitene lettare tilgjengelege for personar med dysleksi. Brukaren kan velje mellom tre grader av forenkling, utifrå sjølvopplevde vanskar med å lese nyheita.

Erfaringar frå arbeidet

TekLab-nettverket har hausta ulike erfaringar med innovasjonspedagogikk:

- ✓ **Arbeidslivsrelevans er eit viktig utbytte** – studentane får betre føresetnader for å møte eit omskifteleg arbeidsliv. Arbeidslivsrelevans og samfunnsnytte er dei viktigaste gevinstane.

- ✓ **Kompetansen er etterspurt i yrkeslivet** – næringslivet tilset studentar med utdanning frå TekLab-miljøet.
- ✓ **Læringsforma utfordrar studentane** – det kan vere både lærerikt og krevjande for studentane å jobbe med utviklingsprosjekt og tekniske prototypar. Studentane er ofte frustrerte undervegs, men nøgde etterpå.
- ✓ **Andre krav til studentvurdering** – relevant vurdering av studentprosjekt er avhengig av sensorar som er kjende med innovasjonspedagogikk og denne typen undervisning. Det ville til dømes vore bra å ha jurybasert offentleg pitching som munnleg eksamen, men dette er ikkje vanleg praksis.
- ✓ **Skepsis i akademia** – det er ein viss motstand mot innovasjonspedagogikk i universitetsmiljøet. Kritikarane meiner utdanninga blir for næringslivsorientert. Lærarane må dessutan gi frå seg kontroll for at studentane skal kunne utfalde seg, og det er ikkje alltid så lett.

Tips og råd

Inkluder KI i undervisninga	Ver open for impulsar frå omgivnadene	Ha ei praktisk tilnærming
<p>Sørg for at studentane møter kunstig intelligens (og andre nye teknologiar) tidleg i utdanningsløpet. Konkret utforsking av kva KI inneber på ulike fagområde, kan gi grunnlag for verdifull innsikt og læring.</p>	<p>Ha blick for korleis kunstig intelligens verkar inn på kompetansebehovet i samfunnet. Søk inspirasjon frå - eller samarbeid med - verksemder utanfor akademia.</p>	<p>Praktisk erfaring med utvikling eller bruk av kunstig intelligens, er avgjerande for læringsutbytte. Arbeidslivet etterspør studentar med praktisk kompetanse om kunstig intelligens</p>

Her kan du lese meir om TekLab ved UiB:

[TekLab - eit nettverk for innovasjon i medieutdanningar](#)

5. Kunstig intelligens i lærarutdanninga ved Høgskulen i Østfold (HiØ)

Ved HiØ sitt fagmiljø for IKT og læring såg tilsette at lærarstudentane i lita grad kjenner til korleis generativ kunstig intelligens (KI) og språkmodellar kan brukast i studiane og i eigen praksis i skulen. Eksempelvis mangla studentane i første klasse på lærarutdanninga god kjennskap til, og grunnleggjande opplæring i, bruk av generativ KI. Fagmiljøet for IKT og læring såg derfor behov for å styrkje kompetansen til studentane om kva denne typen verktøy kan bety for eigen studiekvardag, og for korleis slike verktøy kan nyttast i undervisningspraksis i skulen.

Bakgrunn og behov

Fagmiljøet for IKT og læring ved Institutt for pedagogikk, IKT og læring har bygd opp kompetanse om korleis KI kan brukast i lærarstudiet. Med utgangspunkt i denne kompetansen får lærarstudentane opplæring i kunstig intelligens, som er forankra i «Rammeverket for lærarens profesjonsfaglege digitale kompetanse» (PfdK).³⁸ Målet er at studentane skal få kompetansen dei har bruk for, i eit samfunn der dei vil møte KI i stadig fleire samanhengar.

Lærarstudentane får mellom anna opplæring i

- KI for eiga læring og studieteknikk,
- KI til planlegging og utarbeiding av undervisningsopplegg i skulen, og
- læringsdesign der teknologi, pedagogikk, didaktikk og fagkunnskap heng godt saman.

Undervisarar ved lærarutdanninga bruker KI i eiga undervisning. Først kartlegg dei bruken av KI blant lærarstudentane, og utviklar eigne undervisningsopplegg basert på kartleggingane. Deretter forskar dei på eigen praksis, og justerer undervisningsopplegget basert på funna.

Døme på bruk av KI i undervisningsopplegg ved lærarutdanninga:

- Gi meir utfyllande og individtilpassa tilbakemeldingar på studentoppgåver.
- Utvikle nettbaserte kurs med KI-generert innhald som tekstar, bilete og quiz.

Erfaringar frå arbeidet

HiØ har gjort seg viktige erfaringar i arbeidet med å fremje bruk av KI i lærarutdanninga:

- ✓ **Støtte frå leiinga** – sjølv om initiativet er avhengig av enkeltpersonar i fagmiljøet for IKT og læring, er forankring og støtte frå leiinga viktig.
- ✓ **Språkmodellar har både potensiale og avgrensingar** – språkmodellar, blant dei ChatGPT, fungerer best til å lage kvissar og leserettleingar til fagbøker og artiklar. Modellane er best på allmennkunnskap, og mindre gode på fagspesifikk kunnskap.
- ✓ **Opplæring og kompetanseheving blant fagtilsette** – vellykka bruk av KI, til dømes til utvikling av nettkurs, krev ein del forkunnskapar. Opplæring i korleis KI kan bidra i pedagogisk praksis, er derfor avgjerande.
- ✓ **Vis fram læringsfremjande tiltak** – ein del fagtilsette ser ikkje nytten av KI, men meiner han fører til fusk og bidreg til å svekkje skriftleg framstillingsevne. Det er derfor viktig å synleggjere korleis KI kan vere ein ressurs i undervisning og opplæring.

³⁸ Sjå [Rammeverk for lærarens profesjonsfaglege digitale kompetanse | udir.no](https://www.udir.no/rammeverk-for-larerens-profesjonsfaglege-digitale-kompetanse). Sist besøkt 14.2.2025.

- ✓ **Samarbeid og erfaringsutveksling i UH-sektoren** – sektoren kan ha nytte av å samarbeide og utveksle erfaringar på tvers av institusjonar og fagmiljø. Det kan bidra til å løfte kvaliteten på pedagogisk bruk av KI i utdanninga.

Tips og råd

Lokale KI-initiativ er viktige i eit institusjonsperspektiv

KI-initiativ frå enkeltpersonar kan bidra til å påverke pedagogisk praksis i heile fagmiljøet. Støtte frå leiinga og forankring i interne strategiar bidreg til at initiativa kan vidareutviklast og bli levedyktige over tid.

Kunnskap om potensiale og avgrensingar er avgjerande

Vellukka pedagogisk bruk av generativ KI avheng av gode kunnskapar om potensialet og avgrensingane til teknologien. Tydeleg informasjon og opplæring av fagtilsette og undervisarar om kva KI bør og ikkje bør brukast til, er avgjerande.

Konkrete læringsaktivitetar gir auka arbeidslivsrelevans

Læringsaktivitetar med KI gir studentane kompetanse i pedagogisk praksis og utvikling av læringsdesign, der teknologi, pedagogikk og fagkunnskap blir integrert. Dette førebur lærarstudentane på å møte behov i skulen og samfunnet.

Her kan du lese meir om arbeidet med å ta kunstig intelligens inn i lærarutdanninga ved HiØ:

[AI ressurs](#)

6. SVAI – satsing på kunstig intelligens i Senter for velferds- og arbeidslivsforskning (SVA) ved OsloMet

SVAI er eit initiativ ved Senter for velferds- og arbeidslivsforskning (SVA) ved OsloMet som skal styrkje kunnskapen til dei tilsette om praktiske og brukarvennlege KI-verktøy gjennom opplæring og erfaringsdeling på tvers. Satsinga består av to tiltak: 1) oppretting av eit felles team for tilsette på dei fire forskingsinstitutta ved SVA. Teamet fungerer som ein møteplass og eit forum for KI-relaterte tips og råd; 2) oppretting av ei uformell arbeidsgruppe og nettverk for kompetanseutvikling, samansett av forskarar og administrativt tilsette innan ulike fagområde. Arbeidsgruppa er ansvarleg for å drifte SVAI -teamet, bringe aktuelle saker på dagsorden og dessutan utvikle og gjennomføre KI-opplæring. Arbeidsgruppa er kopla på andre sentrale aktørar som jobbar med KI ved OsloMet, som IT, Universitetsbiblioteket (UB) og fagansvarleg for personvern. SVAI samarbeider også med andre enkeltinitiativ ved OsloMet som treff ei smalare gruppe med konkrete faglege mål, eksempelvis korleis maskinlæring og framvekst av store språkmodellar kan gi nye moglegheiter (til dømes innan tekstanalyse).

Bakgrunn og behov

Tilsette ved SVA opplevde at det plutselig fanst mange forskjellige KI-verktøy som hadde potensiale til å hjelpe dei i jobben. Samtidig var det lite oversikt over alt som fanst, og det mangla tydelege retningslinjer for kva verktøy som kunne brukast, og korleis ein skulle bruke dei. Eldsjeler ved instituttet såg derfor behov for å utforske moglegheitene dei nye verktøya gir. For å komme raskt i gang, var det nødvendig å starte i det små, med utforsking og deling av erfaringar lokalt. Initiativet har deretter utvikla seg vidare, og er no prega av meir systematisk opplæring og erfaringsdeling.

Både forskarar og administrativt tilsette knytte til SVA er i målgruppa. Gjennom satsinga er målet spesielt å rette merksemda mot tilsette som i liten grad meistrar eller har tatt i bruk KI, og som er usikre på korleis dei skal nærme seg KI-teknologien.

Formålet med satsinga:

- Sikre at fagmiljøa ved instituttet har lik tilgang på KI-verktøy og informasjon, slik at dei kan jobbe smartare og meir effektivt. Dette inkluderer også tilgang på kunnskap og kompetanseheving.
- Stimulere interesse, forvitenskap og engasjement i ulike delar av verksemda når det gjeld utforsking og bruk av KI.
- Auke forståinga for risikoar og utfordringar ved bruk av KI – kva kan ein bruke den til, og kva bør ein ikkje bruke den til?
- Bidra til at tilsette har tydelege og trygge rammer knytte til uttesting av verktøy og teknologi.

Erfaringar frå arbeidet

SVA har hausta verdifulle erfaringar i arbeidet med å starte opp ei satsing på kunstig intelligens:

- ✓ **Nokon må gå i front** – eit initiativ av denne typen er avhengig av eldsjeler, for å sikre aktivitet og at noko skjer. I motsett fall vil denne typen initiativ ofte døye ut.

- ✓ **Nedanfrå og opp** – arbeidsgruppa er sett saman av folk som er nysgjerrige og ønskjer å lære, uavhengig av om dei sjølv har erfaring eller ikkje. Det er ingen krav til kor mykje tid ein må leggje i arbeidet, eller at ein må delta på alle møte. Ein gir etter evne og tek imot etter behov.
- ✓ **Tverrfagleg tilnærming er gull** – ein kombinasjon av fleire fagområde sørger for at arbeidet blir relevant for alle; både forskarar, kommunikasjon, FoU, rekneskap og HR. Samarbeidet mellom administrativt tilsette og forskarar sikrar at prosjektet er godt forankra i organisasjonen, og samtidig har framdrift.
- ✓ **Leiarforankring og finansiering** – støtte frå leiinga har vore viktig med tanke på finansiering, og det å nå ut til dei tilsette. Interne midlar har vore avgjerande for å sikre aktivitet og kompetansebygging.
- ✓ **Rask oppstart og igangsetjing** – ved SVA starta dei i det små, med å utforske ulike KI-verktøy, og dele erfaringar om desse. Dette har vore med på å vekke interessa, motivasjonen og engasjementet i organisasjonen.
- ✓ **Open dør og låg terskel** – alle kan delta og bidra med spørsmål og innspel, og det er låg terskel for å spørje om hjelp og råd. Samtidig tryggjar det dei tilsette å vite at nokon tek ansvar for å utforske rammene for god og trygg bruk av KI.

Tips og råd

Start lokalt	Tenk enkelt, start smått	Skap møteplassar
<p>Det er mange fordelar med å starte lokalt, der ein har best innsikt i kva som trengst. Det kan gjere det enklare å engasjere fleire, og å møte dei reelle behova hos dei tilsette.</p>	<p>Ofte er det berre eit spørsmål om å komme i gang. Tenk gjerne enkelt, smått og leikbasert, for å fange interessa og skape engasjement. Ei slik tilnærming til KI kan gi eit godt utgangspunkt for at den enkelte skal kunne sjå potensiale og relevans for eigne arbeidsoppgåver.</p>	<p>Skap arenaer for diskusjon og erfaringsdeling på tvers. Ved å dele erfaringar og kunnskap, vil ein dra nytte av vurderingane og erfaringane til kvarandre, og unngå at mange jobbar med det same parallelt. Her kan også eksterne inviterast inn, basert på behov og tematikk.</p>

Her kan du lese meir om Senter for velferds- og arbeidslivsforskning ved OsloMet:

<https://www.oslomet.no/om/sva>

Innsikt på tvers av satsingane

Eit viktig mål med å sjå nærare på dei seks KI-satsingane har vore å utforske kva erfaringar, moglegheiter og utfordringar miljøa har møtt på i arbeidet sitt. Satsingane representerer ei breidde, både når det gjeld verksemdsområde og type institusjon (storleik og fagleg profil). Vi har vore opptekne av å få fram det unike ved kvar enkelt satsing.

Samtidig ser vi nokre likskapstrekk mellom dei, anten det er snakk om moglegheiter, utfordringar eller forståinga av kva som er viktig å prioritere framover. I denne delen samanfatar vi desse likskapstrekk.³⁹ Dei gir eit uttrykk for meir generelle erfaringar på tvers av satsingane, og vi trur dei kan vere nyttige å kjenne til for andre fagmiljø og institusjonar som planlegg – eller er i gang med – aktivitetar på KI-området.

1. **Kompetanse er ein nøkkelfaktor** – i alle dei seks satsingane blir kompetanse hos tilsette og studentar framheva som ein avgjerande føresetnad for målretta og kvalitetsfremjande bruk av kunstig intelligens. Med kompetanse siktar ein ikkje berre til praktiske ferdigheiter i bruk av verktøy, men også forståing for kva rolle KI kan spele i ulike delar av kjerneverksemda, kva ulike KI-verktøy er eigna og ikkje eigna til, kva utfordringar bruken av KI kan innebere, og korleis desse utfordringane kan handterast. I fleire av satsingane blir det lagt stor vekt på at kompetanseheving er avgjerande for å ruste studentane for det framtidige arbeidslivet, det vil seie at studentane får dei kvalifikasjonane som arbeidsmarknaden etterspør. Manglande kompetanse blir trekt fram som ein av dei viktigaste barrierane mot å lukkast med ein KI-bruk som bidreg til å styrkje arbeidslivsrelevansen til utdanningane.
2. **Viktig med pådrivarar internt** – fleire av satsingane gjer det tydeleg kor viktig det er at enkeltpersonar eller miljø fyller rolla som pådrivarar for bruken av KI i organisasjonen. Både fagpersonar, koordinatorar, administrativt tilsette og læringsstøttemiljø kan fylle ei slik rolle. Det vesentlege er at *nokon* sørger for å halde oppe aktivitetsnivået, og bidreg til å sikre framdrift og kontinuitet i arbeidet. At særleg kompetente og motiverte enkeltpersonar eller miljø er villige til å ta på seg ei pådrivarrolle og eit spesielt ansvar for å sikre framdrift i gjennomføringa av KI-satsingar, synest ofte å vere avgjerande for om satsingane blir berekraftige eller ikkje.
3. **Leiarforankring avgjerande for å kunne «skalere opp»** – medan nokre av KI-satsingane vi har sett på har hatt ei leiarforankring frå start, har andre vore initierte og borne fram av eldsjeler og pådrivarar. Dette er personar som gjerne har ei tydeleg fagleg forankring. Aktiviteten har gjerne skjedd utan at toppleiinga eller leiinga på einingsnivå har vore særleg involverte. Samtidig har nokre av satsingane oppnådd forankring på leiarnivå undervegs i arbeidet. Forankring på leiarnivå, anten det er snakk om toppleiing, instituttleiing eller fakultetsleiing, synest derfor ikkje å vere avgjerande i ein oppstartsfasen. Slik forankring er likevel viktig dersom målet med satsinga er å femne heile organisasjonen (til dømes viss KI skal inngå i alle

³⁹ Medan nokre av momenta gjeld for fleire av satsingane, kan andre vere nemnde av to eller tre av dei miljøa vi snakka med. I ei caseundersøking er ikkje denne kvantifiseringa særleg viktig; det som er viktig, er at dette er erfaringar og perspektiv som kan gi nyttige innspel til det vidare arbeidet i sektoren med KI.

studieprogram). For å skalere opp KI-satsingane slik at dei involverer og forpliktar heile organisasjonen, kan det også vere nødvendig å etablere breitt samansette styringsgrupper, der ulike fagmiljø eller administrative einingar er representerte.

4. **Fagmiljøa bør ha ei framstående rolle** – i fleire av KI-satsingane vi har fått eit innblikk i, skil ein mellom rolla til støttemiljøa, til dømes miljø for læringsstøtte eller teknisk bistand, og rolla til fagmiljøa. Våre døme viser at det er særleg i fagmiljøa – blant vitenskapleg tilsette og undervisarar – at eigarskapen til korleis kunstig intelligens blir teken inn i undervisning og læring, bør liggje. Utan at fagmiljøa blir involverte og engasjerte, kan det bli krevjande å oppnå ei brei forståing i organisasjonen av kva gevinstar bruk av kunstig intelligens kan gi for undervisning og læring på tvers. Fagmiljøa er derfor navet i utviklinga, og for korleis ein bruker KI i undervisning og forskning.
5. **Fornuftig å kartleggje kvar organisasjonen står** – enkelte av KI-satsingane vi har sett på, starta med å kartleggje kva delar av organisasjonen som allereie er i gang med å bruke KI, og kva for nokre som ikkje er det. Ei slik tilnærming blir skildra som viktig for å få opp eit bilete på kvar organisasjonen står, og for å vurdere kva føresetnader han har for å utforske og ta i bruk kunstig intelligens på ein fagrelevant og kvalitetsfremjande måte. Innsikt i kompetansebehova blant studentar eller tilsette, og haldningane til og motivasjonen for å bruke KI, dannar også eit viktig grunnlag for avgjersler om kva tiltak og satsingar som bør prioriterast.
6. **Skepsis kan vere velgrunna og må takast på alvor** – i fleire av KI-satsingane vart det understreka at manglande KI-kompetanse, særleg med omsyn til forståing for formålet med og gevinstane av kunstig intelligens, kan føre til ein viss skepsis. Skepsisen kan mellom anna komme av at KI kan brukast til å fuske på eksamen, føre til brot på reglar om personvern, og bidra til manglande sjølvstende i arbeidet med studentoppgåver og innleveringar. Våre døme viser at ein slik skepsis må takast på alvor, fordi han kan vere velgrunna, og samtidig gi verdifulle innspel til det vidare arbeidet med å utforske og ta i bruk KI. Skepsisen bør adresserast for at satsingar skal lukkast. Dette kan til dømes gjerast ved å involvere dei som er skeptiske tidleg i arbeidet, og ved å informere tydeleg om bakgrunn for satsinga og formål og utfordringar med bruk av KI. Auka kunnskap om fordelar og ulemper ved bruk av KI vil gjerne bidra til at skepsisen minkar.

5. Vidare arbeid med KI: Avklaringar og tilrådingar

Kunstig intelligens gir nye høve til å gjennomføre den digitale omstillinga som både strategi for digital omstilling i UH-sektoren og den nasjonale digitaliseringsstrategien legg opp til. Tilgangen til kraftigare verktøy, kombinert med auka utnytting av data, vil gjere sektoren i stand til å styrkje kjerneaktiviteten innan undervisning, utdanning og forskning. KI kan auke den digitale kompetansen til den enkelte, og fremje arbeidslivsrelevans i utdanning. Innan forskning vil kombinasjonen av nye analyseverktøy og tilgang på store datamengder opne for å utforske nye forskingsspørsmål, og å finne betre svar på dei store samfunnsutfordringane i tida vår.

Den digitale omstillinga føreset samstundes at vi forstår korleis vi kan bruke teknologien slik at han fremjar fagleg kvalitet og relevans. Dette krev aktive val og prioriteringar når det gjeld kompetanse, samarbeid, deling, infrastruktur og dataforvaltning. For å fremje innovasjon i utdanning og meir samfunnsrelevant forskning, blir det spesielt viktig å legge til rette for betre bruk av data frå kunnskapssektoren. Alle miljøa vi har snakka med i arbeidet med denne rapporten, har peika på at det er nødvendig med god tilgang på data.

Gevinstane og nytteeffektane av å bruke kunstig intelligens vil med andre ord avhenge av kvaliteten på dei dataa som KI-modellane blir trena – og seinare nytta – på. Systematisk arbeid med datakvalitet og «orden i eige hus» er dermed avgjerande for å utløyse potensialet kunstig intelligens har innan høgare utdanning og forskning.⁴⁰ Dette poenget er følgt opp i den nye nasjonale digitaliseringsstrategien, der det blir uttrykt ei målsetjing om at Noreg skal vere leiande på datadriven verdiskaping, forskning og innovasjon.⁴¹

Kunstig intelligens vil truleg påverke alle fag, ikkje minst som følgje av framstega innan generativ KI. Utviklinga har mellom anna konsekvensar for skriftleg arbeid, tekstanalyse og innhaldsproduksjon. Verktøy og løysingar basert på KI vil halde fram med å utvikle seg i raskt tempo dei kommande åra. Heller ikkje rammene for bruk av KI er ferdig avklarade. Sjølv om ei rekkje reguleringar frå EU er på veg, vil rammene for bruk av kunstig intelligens i UH-sektoren også avhenge av etiske vurderingar gjorde innan undervisning og forskning.

Sjølv om enkelte universitets- og høgskulemiljø, som demonstrert i denne rapporten, har komme langt i å utforske og ta i bruk kunstig intelligens, er hovudinstrykket at sektoren hovudsakleg er i ein utforskande fase, prega av utprøving og læring. Kunnskap om bruk av KI på ein trygg og fagleg relevant måte, er det mange institusjonar har behov for no.

Med dette som bakteppe, ønsker vi til slutt å trekke fram tre fokusområde som vi meiner UH-sektoren bør jobbe meir aktivt med i tida framover, for å bli best mogleg rusta til å ta i bruk kunstig intelligens. Innafor kvart område presenterer vi nokre konkrete tilrådingar.

⁴⁰ [Veileder for orden i eget hus | Digdir](#). Sist besøkt 14.2.2025.

⁴¹ [Ny nasjonal digitaliseringsstrategi - regjeringen.no](#). Sist besøkt 14.2.2025.

1. Digital kompetanse

Kunstig intelligens utgjør ein kraftfull teknologi som kan endre tradisjonelle undervisnings- og vurderingsmetodar, samtidig som han opnar for innovasjon og nye pedagogiske tilnærmingar. God fagleg bruk av KI framover vil avhenge av god digital kompetanse i sektoren. Digital kompetanse handlar både om den undervisningsfaglege digitale kompetansen, men også det å forstå kva utviklingsmoglegheiter KI gir innanfor ulike fagområde.

Utviklinga dei siste åra innan generativ kunstig intelligens understrekar at måten vi tenkjer om digital kompetanse på, må vere i kontinuerleg endring og utvikling. Samtidig vil KI i seg sjølv, og den raske teknologiske utviklinga vi er vitne til, vere ein faktor som bidreg positivt til kompetanseutviklinga. HK-dir si kartlegging av digital omstilling i UH-sektoren stadfestar at det er behov for å styrkje den digitale kompetansen både hos undervisarar, forskarar og administrativt tilsette.⁴²

Ei målretta satsing på kompetanseheving for undervisarar, må byggje på teknologisk innsikt og kritisk forståing av korleis ta inn KI i faga og undervisninga – på ein måte som fremjar faglege og pedagogiske mål. Kompetanseheving innan KI må derfor byggje på fagkunnskap og nærleik til fagmiljøa, samtidig som støtte til utvikling av undervisning og forskning må vere tilgjengeleg. Samtidig er det viktig å ha låg terskel for å la tilsette prøve ut teknologien. Høvet til å utforske KI innanfor rammer som er relevante for kvar enkelt undervisar og forskar, er avgjerande for å byggje kunnskap og forståing om kva KI-verktøya kan brukast til.⁴³

Arbeidslivsrelevans i utdanning er nært knytt til den digitale kompetansen til undervisarane, og i kva grad digitale tema og metodar blir tekne inn i ulike fag. Det er også eit viktig tema i fleire av KI-satsingane vi har utforska i denne rapporten. Arbeidslivsrelevans i utdanning vil i stor grad avhenge av evna og viljen til å utforske kva moglegheiter kunstig intelligens gir for innovasjon og faglege framsteg innanfor ulike fag, yrke og bransjar. Koplinga mellom høgare utdanning og arbeidsliv vil, om mogleg, bli endå viktigare i åra som kjem.

KI reiser også utfordringar, særleg når det gjeld personvern, datatryggleik og kva som skal reknast som tillaten bruk, spesielt på eksamen. Studentane treng ei betre forståing av regelverk og rammer for bruk av KI. Dei treng mellom anna opplæring i korleis referere KI-generert tekst i oppgåver og på eksamen. Undervisarar og forskarar har behov for å betre forstå korleis KI kan brukast i eige fag, medan tilsette i administrative støttefunksjonar har behov for å vite korleis KI kan betre og effektivisere ulike prosessar.

Kunstig intelligens treff med andre ord breidda av oppgåver i sektoren, noko som gjer det nødvendig med kompetanseheving på brei front. Alle har likevel ikkje behov for den same kompetansen. Undervisarar eller forskarar har andre kompetansebehov enn studentar og administrativt tilsette. Det kan derfor vere formålstenleg å differensiere tilbodet om kompetanseheving noko, for å ivareta særskilde kompetansebehov hos ulike målgrupper.

⁴² [Kartlegging av UH-sektorens arbeid med digital omstilling | HK-dir](#). Sist besøkt 14.2.2025.

⁴³ Sjølv om det er viktig at kvar enkelt undervisar og forskar prøver seg fram og utforskar dei faglege moglegheitene KI gir, må dette støttast opp under av ei meir systematisk tilnærming til kompetanseheving og bruk av KI i organisasjonen samla sett. Desse to innsatsane – på individnivå og systemnivå – må verke parallelt. Det er til dømes viktig at ikkje enkeltindivid får for stort ansvar for å finne ut kva moglegheiter og ulemper ulike KI-verktøy har med tanke på personvern, juridiske vilkår og etikk.

Tilrådingar når det gjeld digital kompetanse:

- **Styrk den grunnleggjande KI-kompetansen** – det er behov for å styrkje KI-kompetansen både hos studentar, tilsette og i leiinga. Dette er ein føresetnad for å kunne ta i bruk KI-tenester på ein meir aktiv og kvalitetsfremjande måte i utdanning, forskning og innan administrasjon. Arbeidet med å styrkje den grunnleggjande KI-kompetansen bør mellom anna omfatte kunnskap om kva KI er, kva avgrensingar og utfordringar teknologien har, kva KI-tenester kan nyttast til, og kva interne data KI-tenester kan få tilgang til. Det er også avgjerande for å fremje arbeidslivsrelevans. Å ta digital forståing og kunstig intelligens inn i alle fag og studieprogram, slik UiB og UiA er i gang med, er ein måte å realisere dette på.
- **Styrk fagnær KI-kompetanse for undervisning og forskning** – det er nødvendig å styrkje den spesialiserte KI-kompetansen som eksempelvis undervisarar og forskarar vil ha behov for. Dette er ein viktig føresetnad for å styrkje kvalitetsfremjande bruk av KI i undervisning og forskning. Døme er bruk av KI i utvikling av nye læringsdesign eller i samband med vurdering, eller til å få fram idear til problemstillingar i forskning. Å bruke KI til å analyse store mengder forskings- eller styringsdata, eller korleis ein kan trene, teste og validere eigenutvikla KI-tenester, er andre døme.
- **Styrk kompetansen om rammevilkår** – det er behov for å styrkje kompetansen om juridiske og etiske rammer for bruk av KI på ulike område. Dette er viktig for å sikre bruk av KI som styrkjer kjerneverksemda, men endå viktigare for å sikre at bruken skjer på ein trygg og lovleg måte. Tilsette med støtte- og koordineringsroller på KI-området bør til dømes kjenne til rettslege krav som blir stilte til utvikling og bruk av KI, korleis det lokale tilretteleggings- og koordineringsarbeidet kan organiserast og utførast, og korleis informasjon og opplæringstilbod retta mot studentar og tilsette kan utformast og gjennomførast.

2. Retningslinjer og rettleiing

Sjølv om enkelte UH-miljø har komme relativt langt med å utforske og ta i bruk kunstig intelligens, er det mange miljø som etterspør retningslinjer for bruk av KI. Behovet for slike retningslinjer med omsyn til eksempelvis risiko- og konsekvensvurderingar, informasjonsforvaltning og dokumentasjon vil truleg auke når EUs forordning om KI blir norsk lov.

Behovet for retningslinjer og rettleiing ser ut til å vere særleg stort innan undervisning og læring. Det var også eit tilbakevendande tema i dei seks samtalan vi gjennomførte, og i resultatane frå HK-dir sine kartleggingar gitt att tidlegare i rapporten. Sjølv om enkelte institusjonar allereie har, eller er i ferd med å få på plass, eigne retningslinjer for KI på utvalde område, vil det framleis vere behov for større grad av harmonisering i sektoren. Det kan mellom anna handle om utforming av nasjonal forskrift om kva som er tillaten og ikkje tillaten bruk (fusk). Handsaming av personopplysningar er eit anna viktig område.

Samtidig er kunstig intelligens eit område der utviklinga går raskt. Verktøya blir stadig fleire og kraftigare, og talet på bruksområde blir utvida i høgt tempo. Endringstakta gjer at det framover kan oppstå nye behov for retningslinjer eller rettleiing, som vi ikkje er kjende med i dag. Det kan derfor vere formålstenleg å gjennomføre jamlege kartleggingar i sektoren, for å avdekkje eventuelle endringar i bruken av KI som medfører behov for nye retningslinjer eller rettleiing. Det

kan også vere formålstenleg å sjå nærare på moglege behov for fellesressursar når det gjeld etisk og berekraftig bruk av KI.⁴⁴

Tilrådingar når det gjeld retningslinjer og rettleiing:

- **Avklar vilkåra for handsaming av personopplysningar i KI-tenester** – KI-tenester kan kome til å handsame opplysningar om studentar, tilsette, deltakarar i forskingsprosjekt eller andre. Dette vil i mange tilfelle vere personopplysningar, og handsaminga av dei blir regulert i personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR). Det kan derfor vere behov for retningslinjer eller rettleiingar om kva personvernrettslege problemstillingar bruken av KI reiser innan ulike bruksområde, og korleis desse problemstillingane kan handterast. Dette kan skje med utgangspunkt i arbeid som allereie er gjort i sektoren, som til dømes pilotprosjektet til NTNU om bruk av M365 Copilot.⁴⁵
- **Førebu sektoren på nytt regelverk om KI** – EUs forordning om KI vil gjelde for UH-sektoren når ho blir norsk lov. Forordninga er kompleks og omfattande, og stiller ei rekkje krav til tilbydarar og brukarar av KI-tenester. Her kan det vere behov for rettleiing om kva regelverket tyder for UH-sektoren, og kva krav som blir stilte til verksemder som tilbyr eller bruker kunstig intelligens. Det vil også vere behov for rettleiing om samanhengar mellom reglane i EUs forordning om KI og reglar i tilstøytande regelverk, til dømes personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR).
- **Styrk arbeidet med forvaltning av data** – oversikt og kontroll over data som blir nytta til trening, testing og validering av KI-tenester, eller som sluttbrukarar gir tenestene tilgang til, er ein viktig føresetnad for forsvarleg bruk av kunstig intelligens. Det er også ein føresetnad for å overhalde reglar i regelverka nemnt ovanfor. Som følgje av dette kan sektoren ha behov for retningslinjer som skildrar korleis dei bør forvalte data som blir nytta i utvikling eller bruk av KI-tenester. Slike retningslinjer bør sjåast i samanheng med det pågåande arbeidet i sektoren med «orden i eige hus» og deling av data.⁴⁶

3. Samarbeid og erfaringsdeling

For ein del fagmiljø i UH-sektoren er utvikling og bruk av kunstig intelligens i stor grad ein fagleg aktivitet, som er nært knytt til den faglege kjerneaktiviteten. Forskingsmiljø og IT-miljø som jobbar med utvikling av KI-tenester, er døme på dette. Andre fagmiljø har gjerne eit meir instrumentelt forhold til kunstig intelligens, der KI primært blir rekna som eit verktøy for kvalitetsheving og effektivisering av etablerte prosessar og arbeidsmåtar. Dette kan vere tilfelle for mange studentar, undervisarar og administrativt tilsette.

⁴⁴ Her kan det vere lurt å sjå på moglegheitene for å gjenbruke vurderingar og tilrådingar som er gjorde for bruk av KI i offentleg sektor, som til dømes i den nasjonale digitaliseringsstrategien: [Fremtidens digitale Norge - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no). Sist besøkt 14.2.2025.

⁴⁵ Sjå [Copilot prosjekt - NTNU](#) og [20241126-copilot-med-personvernbriller-pa.pdf](#). Begge sist besøkt 14.2.2025. Sjå også [Veiledning for ansvarlig bruk og utvikling av kunstig intelligens | Digdir](#). Sist besøkt 14.2.2025.

⁴⁶ Sjå [KUDAF – Datadeling i Kunnskapssektoren | Forside](#) og [Veileder for orden i eget hus | Digdir](#). Begge sist besøkt 14.2.2025.

Slike forskjellar i «nærleiken» til teknologien kan påverke vurderingane til institusjonane og fagmiljøa av kor naturleg det er å tenkje samarbeid og erfaringsdeling innan kunstig intelligens. Samtidig indikerer funna i denne rapporten at kunstig intelligens er eit område der det kan vere både fornuftig og nødvendig å tenkje samarbeid og erfaringsdeling på tvers av institusjonane. Dette gjeld til dømes ved innkjøp av KI-tenester som mange verksemder i sektoren ønskjer å bruke.

På sikt kan det også vere behov for tydelegare arbeidsdeling i sektoren, det vil seie at ulike institusjonar og fagmiljø leier an i utviklinga innanfor område der dei har særlege faglege fortrinn og ambisjonar. Her blir det viktig å sjå nærare på samarbeid og deling av verktøy og erfaringar på tvers, og korleis slikt samarbeid kan bidra til å styrkje den samla evna sektoren har til å utnytte KI på ein fagleg innovativ og etisk forsvarleg måte.

Tilrådingar når det gjeld samarbeid og erfaringsdeling:

- **Styrk delinga på tvers** – kunstig intelligens er eit område med høgt endringstempo, samtidig som ein treng spisskompetanse for å forstå teknologien og korleis han kan brukast i undervisning, forskning og administrasjon. Det er derfor behov for å dele erfaringar om kva som fungerer når det gjeld kompetanseheving. I tillegg bør ein sjå på moglegheitene for å gjenbruke emne og læringsressursar innan kunstig intelligens, slik at desse kan brukast av fleire for å styrkje eigen kunnskap og forståing. Det er også behov for samarbeid i sektoren når det gjeld erfaringar med undervisningspraksis og læringsutbytte. Personvern, datatryggleik, juridiske vurderingar av KI-tenester, og dessutan kunnskap om korleis nye KI-regelverk kan etterlevast på ein god måte, er andre område som kan eigne seg for deling og erfaringsutveksling.
- **Etabler og konsolider samarbeidsarenaer og møteplassar** – tidlegare kartleggingar HK-dir har gjennomført, har stadfesta at sektoren er grunnleggjande positiv til samarbeid om digitalisering. Samtidig er det nødvendig å vidareutvikle det etablerte samarbeidet i sektoren, særleg for å møte kompetansebehova utviklinga innan kunstig intelligens skaper. Det er derfor behov for arenaer og møteplassar i sektoren som eignar seg for erfaringsdeling, fellestiltak og felles kompetansebygging. Fleire slike møteplassar finst allereie, som til dømes dei fellesstrategiske einingane under Universitets- og høgskolerådet (UHR), UH-IT-samarbeidet, Norsk nettverk for universitets- og høgskolepedagogikk og dessutan forum for personvernombod. Læringskollektivet til Sikt om kunstig intelligens kan også nemnast her.⁴⁷ Den vidare utforskinga og bruken av KI i sektoren vil tene på deling og tilgjengeleggering av innsikt, erfaringar og andre ressursar på denne typen samarbeidsarenaer.

⁴⁷ Sikt's Læringskollektiv for KI, som starta opp våren 2024, er ein arena for læring og erfaringsutveksling om KI i kunnskapssektoren. Jamnlige møte i kollektivet med stor variasjon i innhald, gir rom for deling og diskusjon om tema medlemmene er opptatt av. Medlemmene kjem frå ulike delar av sektoren, og har ulike roller i institusjonane. Læringskollektivet har i skrivande stund omtrent 800 medlemmer, og veks stadig. Aktiv deltaking og bidrag frå medlemmene er ein suksessfaktor.

Vedlegg: EUs forordning om kunstig intelligens

Dette vedlegget inneheld oversikt over bruksområde for kunstig intelligens, og korleis områda relaterer seg til risikokategoriene i EUs forordning om kunstig intelligens. Vi gir også ei kort og skjematisk oversikt over dei viktigaste pliktene som gjeld for tilbydarar og profesjonelle brukarar av KI-system med høg og avgrensa risiko.⁴⁸

Til slutt gir vi ei oversikt over spesialreglane som gjeld for bruk av kunstig intelligens til forskings- og utviklingsformål, og sanksjonar som brot på reglane i forordninga kan medføre.

Kunstig intelligens med uakseptabel risiko

Forordninga peiker på nokre område kor ein legg til grunn at kunstig intelligens inneber uakseptabel høg risiko for helse, tryggleik og grunnleggande rettar. Dette er område kor utvikling og bruk av kunstig intelligens i utgangspunktet ikkje er tillate. Forbod gjeld for følgjande område:

- Kunstig intelligens som kjenner igjen kjensler hos tilsette i offentlege eller private verksemder og hos studentar i utdanningsinstitusjonar. Kjenslegjenkjenning er likevel lovleg dersom det er medisinske eller tryggleiksmessige grunnar til det.
- Kunstig intelligens som manipulerer eller vill-leier personar slik at dei utfører handlingar eller tek avgjersler som påfører dei sjølve eller andre stor skade.
- Kunstig intelligens som gjer stor skade ved å utnytte det sårbare knytt til alder, funksjonsnedsetjing eller den sosioøkonomiske situasjonen til enkeltpersonar.
- Biometriske kategoriseringssystem. Dette er KI-system som kan identifisere sensitive eigenskapar hos enkeltpersonar. Etnisitet, politiske meiningar, religiøs eller filosofisk overtyding eller seksuell legning er døme på slike eigenskapar.
- Sosial poenggivning («social scoring»). Dette er KI-system som evaluerer eller klassifiserer enkeltpersonar eller grupper basert på åtferd eller personlege eigenskapar, og der dette kan medføre skade eller innebere urettmessige forskjellsbehandlingar.
- Kunstig intelligens som vurderer risiko for kriminelle handlingar. Kravet gjeld når slike vurderingar berre baserer seg på personprofilering eller personlegdomstrekk.
- Kunstig intelligens som blir nytta til etablering av ansiktsgjenkjenningsdatabasar. Dette handlar om KI-system som skrapar ansiktsbilete frå internett eller opptak frå overvakingskamera.
- Sanntids biometrisk identifikasjon som blir nytta av politistyrismakter i det offentlege rommet. Dette er likevel tillate i visse tilfelle:
 - Ved søk etter sakna eller bortførte personar, og personar som er utsette for menneskehandel eller seksuell utnytting.
 - For å hindre ein overhengande trussel mot liv og helse, eller for å hindre eit snarleg terrorangrep.
 - For å identifisere personar som er mistenkte for alvorlege brotsverk, mellom anna væpna ran, narkotikasmugling, ulovleg våpenhandel og organisert kriminalitet.

⁴⁸ Med profesjonelle brukarar meines verksemder eller personer som nyttar kunstig intelligens til andre enn reint personleg føremål, til dømes universitet eller høgskular som nyttar samtalerobotar i undervisninga.

Kunstig intelligens med høg risiko

For enkelte andre bruksområde legg forordninga til grunn at kunstig intelligens inneber høg risiko for helse, tryggleik og grunnleggjande rettar. Utvikling og bruk av kunstig intelligens er likevel lovleg, men forordninga stiller ein del krav til korleis utvikling og bruk skal skje. Følgjande område er rekna som høg risiko:

- Bruk av kunstig intelligens i utdanning og yrkesfagleg opplæring. Det gjeld spesielt i opptak av søkjarar til utdanningsinstitusjonar, vurdering av læringsutbytte og eksamensprestasjonar, og kontroll av studentar for å avdekkje forsøk på fusk.
- Bruk av kunstig intelligens ved tilsetjingar, styring og fordeling av arbeidsoppgåver og sjølvstendig næringsverksemd. Dette inkluderer mellom anna analyse og filtrering av jobbsøknader, forfremjing av tilsette eller avslutning av arbeidsforhold, tildeling av arbeidsoppgåver basert på personlege eigenskapar eller åtferd, og overvaking og evaluering av arbeidsinnsatsen.
- Bruk av kunstig intelligens til å ta avgjersler om tilgang til viktige offentlege og private tenester. Døme på dette er kredittvurdering av lånesøkjare og tildeling av sosiale ytingar.
- Bruk av kunstig intelligens i kritisk infrastruktur, til dømes transport eller vass- og elektrisitetsforsyning.
- Bruk av kunstig intelligens som tryggingskomponentar i produkt, til dømes KI-applikasjonar i robotassistert kirurgi, og KI-funksjonalitet integrert i andre typar produkt (medisinsk utstyr, køyretøy, heisanlegg, leikar osv.).
- Bruk av kunstig intelligens til å handheve lover og reglar kor dette kan ha konsekvensar for dei grunnleggjande rettane til borgarane, eksempelvis evaluering av bevismateriale i straffesaker.
- Bruk av kunstig intelligens i migrasjon, asyl og grensekontroll. Dette kan mellom anna dreie seg om handsaming av visumsøknader.
- Bruk av kunstig intelligens i administrasjon av rettslege og demokratiske prosessar, til dømes KI-løysingar som finn igjen relevante rettsavgjersler.

KI-system blir alltid rekna som høg risiko dersom dei profilerer enkeltpersonar. Med profilering meiner vi automatisert handsaming av personopplysningar for å vurdere ulike aspekt av liva til enkeltpersonar. Dette kan til dømes vere arbeidsprestasjonar, økonomi, helse, interesser, pålitelegskap, åtferd eller fysiske rørsler. Kunstig intelligens brukt i biometriske identifikasjonssystem blir også rekna som høg risiko.

KI-system som utfører høgrisiko-oppgåver som nemnt ovanfor, er i visse tilfelle halde unna dei reglane i forordninga som gjeld for denne typen kunstig intelligens. Døme på dette er KI-system som berre utfører ei avgrensa og spesialisert rutineoppgåve, eller som blir brukt til kvalitetssikring av oppgåver som tidlegare er utførte av menneske.

Plikter for tilbydarar av kunstig intelligens med høg risiko

Tilbydarane av KI-system som inneber høg risiko, er underlagde ei rekkje krav som må vere på plass før dei kan ta systema i bruk eller gjera dei tilgjengelege på den europeiske marknaden:

- Vurdere risiko knytt til oppbygninga til KI-systemet, verkemåte og tiltenkt bruk, og sette i verk nødvendige risikoreduserande tiltak.

- Systematisk registrere og analysere data om korleis KI-systemet fungerer etter at det er introdusert på den europeiske marknaden, og rapportere alvorlege hendingar til det nasjonale tilsynsorganet.
- Sørge for tilfredsstillande informasjonsforvaltning og sikre god kvalitet på data som blir nytta til trening, testing og validering av KI-systemet.
- Logge aktivitet i KI-systemet for å sikre at avgjersler kan sporast.
- Utarbeide teknisk dokumentasjon som gir nødvendig informasjon om oppbygning og verkemåte i KI-systemet.
- Gi informasjon (instruksar) til profesjonelle brukarar om korleis KI-systemet skal nyttast, inkludert brukarar i UH-sektoren.
- Sørge for menneskeleg tilsyn med KI-systemet.
- Sørge for at KI-systemet er robust, nøyaktig og forsvarleg sikra mot digitale truslar.
- Registrere KI-systemet som dei har utvikla i ein database oppretta og drifta av EU-kommisjonen.

Til slutt må tilbydarar av høgrisikosystem gjennomføre ei samsvarsvurdering for å forsikre seg om at alle lovpålagde krav er ivaretekne. Dersom vurderinga konkluderer med at det er tilfelle, har tilbydaren rett til å merke KI-systemet med eit CE-merke. CE-merket gir tilbydaren rett til å marknadsføre, selje og distribuere KI-systemet på den europeiske marknaden.

Plikter for profesjonelle brukarar av kunstig intelligens med høg risiko

Forordninga stiller i tillegg krav til profesjonelle brukarar, til dømes universitet, høgskular og andre verksemder i UH-sektoren, og deira bruk av høgrisiko-system. Brukarane har mellom anna ansvar for å sette seg inn i og følgje instruksar for bruk utarbeidd av tilbydaren, og sørge for at dei har tilfredsstillande KI-kompetanse.

Brukarane har dessutan ei rekkje andre plikter, mellom anna når det gjeld menneskeleg tilsyn med KI-systemet, informasjonsforvaltning, og logging og varsling av uønskte hendingar. Vidare skal brukaren forsikre seg om at systemet ivaretek grunnleggjande rettar. Det siste skal skje ved at brukaren gjennomfører ei «fundamental rights impact assessment» (FRIA).

Brukarar som er offentlege verksemder, til dømes universitet og høgskular, skal registrere høgrisikosystem som dei nyttar i en database oppretta og drifta av EU-kommisjonen.

Kunstig intelligens med avgrensa risiko

Kunstig intelligens med avgrensa risiko er KI-system der forordninga går ut frå at risiko for helse, tryggleik og grunnleggjande rettar kan handterast ved hjelp av innsyn og informasjon. Døme på slike system er samtalerobotar, digitale assistentar, deepfake-applikasjonar og annan generativ KI.

Føljande er dei viktigaste reglane som gjeld for tilbydarar og profesjonelle brukarar av KI-system med avgrensa risiko:

- Tilbydarar av samtalerobotar eller digitale assistentar skal informere brukarane om at dei samhandlar med eit KI-system.
- Tilbydarar av generativ KI skal sørge for at innhaldet som systema lagar er tydeleg merka og at innhaldet kan identifiserast som kunstig generert.

- Profesjonelle brukarar som framstiller «deepfakes», til dømes KI-manipulerte videoar eller bilete av verkelege personar eller hendingar, skal informere om at innhaldet er kunstig generert.
- Profesjonelle brukarar som nyttar eit KI-system for å lage tekstar eller anna innhald som skal opplyse folk flest om saker av offentleg interesse, skal informere om at innhaldet er kunstig generert.

Kunstig intelligens med minimal risiko

Forordninga regulerer ikkje bruk av kunstig intelligens som inneber minimal risiko for helse, tryggleik og grunnleggjande rettar. Slike KI-system kan derfor brukast fritt. Dette gjeld mellom anna for kunstig intelligens i videospel eller KI som blir brukt til filtrering av e-post.

Forsking, utvikling og kunstig intelligens

Forsking og utvikling er i ei viss grad halde unna reglane i forordninga. Reglane gjeld til dømes ikkje for forsking der det blir nytta KI-system som er spesialutvikla for forskingsformål.

Regelverket gjeld heller ikkje for forsking på og utvikling av KI-system. Reglane trer likevel i kraft dersom i) KI-systemet skal testast utanfor forskings- og utviklingsmiljøet, eller når ii) KI-systemet blir gjort tilgjengeleg på marknaden.

Dersom vanlege KI-system blir nytta i forsking og utvikling, til dømes at ChatGPT eller Gemini blir brukt til analyse av intervjudata, vil reglane likevel gjelde. Det same er tilfelle dersom slike KI-system blir nytta i forsking på og utvikling av nye KI-system.

Sanksjonar

Nasjonale tilsynsorgan kan gi bøter for brot på mange av reglane i forordninga:

- Brot på forbodet mot KI-system med uakseptabel risiko, kan føre til bøter på opptil EUR 35 000 000, alternativt 7 % av den totale årsumsetninga for det førre rekneskapsåret.
- Brot på dei fleste andre plikter i forordninga, kan føre til bøter på opptil EUR 15 000 000, alternativt 3 % av den totale årsumsetninga for det førre rekneskapsåret.
- Å gi feilaktig, ufullstendig eller villeiande informasjon til tilsynsorganet som svar på spørsmål frå tilsynet, kan føre til bøter på opptil EUR 7 500 000, alternativt 1 % av den totale årsumsetninga for det førre rekneskapsåret.

Andre reglar

Forordninga inneheld også eigne reglar for dei aller kraftigaste grunnmodellane, inkludert om sanksjonar (bøter) for brot på desse reglane. Dette er KI-modellar med svært stor reknekraft, som kan utføre mange ulike oppgåver («general-purpose AI»). GPT4, Llama og Copilot er døme på slike modellar.

I tillegg inneheld forordninga mange andre reglar, mellom anna om tilsyn og kontroll på EU-nivå og nasjonalt, dokumentasjon av KI-system, tekniske standardar, tilrådde framgangsmåtar («codes of practice»), EU-kommisjonens oppgåver og ansvar («the AI Office»), og overnasjonale samarbeidsorgan («the European Artificial Intelligence Board»).

Forordninga inneheld også overgangsreglar som er meinte å gi tilbydarar og profesjonelle brukarar av kunstig intelligens tid til å tilpasse seg det nye regelverket. Det inneber til dømes at reglane om høgrisikosystem vil starte å gjelde i EU-landa 24 månader etter iverksetjingsdatoen (1. august 2024), medan forbodet mot utvikling og bruk av visse typar kunstig intelligens vil gjelde i EU frå seks månader etter denne datoen.

Som nemnt tidlegare i denne rapporten, er det uklart når forordninga blir norsk lov. Vi veit derfor ikkje når regelverket vil byrje å gjelde for norske universitet, høgskular og andre verksemdar.

✉ post@hkdir.no

🌐 hkdir.no

